



## DAGSORDEN

### Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Teams (NB! Endra frå fysisk møte)

Dato: 25. april 2025

Klokkeslett: 09.00-12.00

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 11. april 2025

Saksliste byvekstavtalen.....	1
Sak 28/25 Godkjenning av innkalling og saksliste .....	1
Sak 29/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 12.03.2025 .....	2
Sak 30/25 Utbetaling av belønningsmidlar i 2025 .....	2
Sak 31/25 Orientering frå Vestland fylkeskommune om årlege ruteendringar i Skyss2	
Sak 32/25 Orientering om sekretariatet sitt forslag til prioritering av post 30-66 midlar .....	2
Sak 33/25 Handlingsprogram 2026-29.....	3
Sak 34/25 Årsmelding .....	3
Sak 35/25 Resultata frå reisevaneundersøkinga 2024 .....	3
Sak 36/25 Status for arbeidet med byutgreiinga .....	4
Sak 37/25 Eventuelt, byvekstavtalen .....	4
Saksliste bypakke Bergen .....	4
Sak 38/25 Eventuelt, bypakke Bergen.....	4

### Saksliste byvekstavtalen

#### Sak 28/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

## Sak 29/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 12.03.2025

### Sjå vedlegg 1

*Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.*

## Sak 30/25 Utbetaling av belønningsmidlar i 2025

### Sjå vedlegg 2

I statsbudsjettet 2025 blei det tildelt totalt 442 mill. i belønningsmidlar til Skyss og kommunane, der 47,8 mill. av desse skal fordelast mellom kommunane. Nokre kommunar har i tillegg midlar på fond hos fylket. Ved rullering av HP25-28 har nokre kommunar spelt inn prosjekt med høgare totalkostnad enn dei har dekning for i 2025. Sekretariatet har derfor bedt alle kommunane om å gjere ei ny vurdering av behov for utbetaling i år, tilpassa dei totale rammene i statsbudsjettet og på fond. Tabell 3-7 i saksgrunnlaget viser det som blei rapportert frå kommunane.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa stiller seg bak disponering av belønningsmidlar i 2025 i tråd med tabell 3-7 i saksgrunnlaget.*

## Sak 31/25 Orientering frå Vestland fylkeskommune om årlege ruteendringar i Skyss

Det er sett av 11 MNOK av belønningsmidlar til drift av kollektivtransporten til å styrke rutetilbodet i byvekstområde i dialog med kommunane i 2025. Skyss vil i denne saka gje ei munnleg orientering om den årlege ruteendringar og prosessen knytt til dette arbeidet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering*

## Sak 32/25 Orientering om sekretariatet sitt forslag til prioritering av post 30-66 midlar

### Sjå vedlegg 3 og 3 a

Sekretariatet har laga eit forslag til innbyrdes prioritering av prosjekt for prosjekt finansiert av post 30-66 midlar som har blitt sendt til både prioritiseringsrådet og styringsgruppa for ev. innspel og merknader (sjå vedlegg 3). Vi ønskja med dette å sikre transparens med omsyn til kva kriterium som blir nytta for prioritering, og dermed kva prosjekt som vil bli prioritert først, dersom tildelinga over statsbudsjettet ikkje blir tilstrekkeleg til å kunne starte opp alle prioriterte prosjekt i 2026. Ei slik prioritering ville elles ha blitt gjennomført av Statens vegvesen.

Berre Alver kommune svare på førespurnaden (sjå vedlegg 3 a). Alver kommune peika på at sjølv om dei meiner dei føreslårte kriteria ga god balanse mellom måloppnåing og bevillingar, så er dei dei uroa for at forslaget vil innebere at oppstart og gjennomføring av to anleggsklare prosjekt i Alver kan bli utsett. Dei peika også på at det i det vidare arbeidet bør vere aktuelt å sjå nærmare på ei meir nyansert vurdering av mogningsgrad som grunnlag for prioritering.

Sekretariatet vil kome tilbake med sak om prinsipp og framgangsmåte som kan bli nytta i drøftinga prioritering av prosjekt på post 30-66 i framtida.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa gir sin tilslutning til den foreslårte prioriteringa for 2025. Sekretariatet vil kome tilbake til sak om prinsipp og framgangsmåte som kan bli nytta i drøftinga av innbyrdes prioriterte prosjekt i framtida.*

## Sak 33/25 Handlingsprogram 2026-29

### Sjå vedlegg 4, 4a og 4b

Saka er ei oppfølging av sak 21/25 frå førre møte i styringsgruppa, og gjeld rullering av handlingsprogram 2026-2029.

I førre møte blei bruk av post 30-midlar i handlingsprogrammet vedtatt. I dette møtet er det lagt opp til en diskusjon om dei andre finansieringspostane i Miljøloftet. Saka skal resultere i eit ferdig vedtatt handlingsprogram for 2026 til 2029.

Saka har vore drøfta i prioriteringsrådet, og eit forslag til kva prosjekt som skal prioriterast i handlingsprogrammet følger av saksgrunnlaget (Vedlegg 4).

Etter at handlingsprogrammet er vedtatt av styringsgruppa, blir det sendt til partane for lokalpolitisk handsaming før sommaren.

Ein prosjektporbefølje over alle dei innspelte prosjekta ligg ved (vedlegg 4a). Denne inneholder alle prosjekt som er spelt inn i Miljøloftet, uavhengig om dei er aktuelle for kommande handlingsprogram eller for seinare rulleringar. Vurderingar av måloppnåing og mogningsgrad i prosjekta er også lagt ved (Vedlegg 4b).

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til Miljøloftet sitt handlingsprogram for 2026-2029, og ber sekretariatet ferdigstille dokumenta i samsvar med konklusjonane i møtet. Vedtatt handlingsprogram blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2025.*

## Sak 34/25 Årsmelding

### Sjå vedlegg 5

Årsmeldinga for 2024 er ferdigstilt. Årsmeldinga oppsummerer aktivitetar og tiltak som var finansiert gjennom Miljøloftet i 2024, status på økonomien og utviklinga i indikatorane som skal vise om vi når måla i avtalen.

Målet til Miljøloftet er at det ikkje skal bli meir biltrafikk enn slik nivået var før byvekstavtalen blei inngått, og i 2024 har vi oppnådd dette. Trafikknivået i 2024 var det same som i 2018. Samtidig har det vore ein auke i bruk av kollektivtrafikk. Sekretariatet går igjennom årsmeldinga i møtet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 35/25 Resultata frå reisevaneundersøkinga 2024

Tal frå den årlege reisevaneundersøkinga (RVU) var klare 27. mars og Statens vegvesen vil presentere desse for styringsgruppa i møtet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## **Sak 36/25 Status for arbeidet med byutgreiinga**

Statens vegvesen vil gi ei kort orientering om status for arbeidet med byutgreiinga.

## **Sak 37/25 Eventuelt, byvekstavtalen**

### **Saksliste bypakke Bergen**

## **Sak 38/25 Eventuelt, bypakke Bergen**